

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
077/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Isdal gard v/Kjersti Isdal. Isdal Smale - Vidareformidling av ull frå gammalnorsk spælsau - testproduksjon av garn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Isdal Smale. Vidareformidling av ull frå gammalnorsk spælsau – testproduksjon av garn* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 077/21 Vedtak:

Prosjektet *Isdal Smale. Vidareformidling av ull frå gammalnorsk spælsau – testproduksjon av garn* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit einpersonsforetak. Bransje: 74.102 Grafisk og visuell kommunikasjonsdesign, 02.200 Avvirkning. Registrert 03.02.2001.

Saksopplysningar:

Isdal Gard høyrer til klyngetunet på Isdal. Klyngetunet med kulturlandskapet rundt, er eit av få område i Alver som er definert som «omsynssone kulturminne». Søkjar ønskjer å nytta ressursane på garden på ein berekraftig måte, å løfta fram lokal identitet og kulturarv.

Om prosjektet

Prosjektet omhandlar å teste ut om det er ein marknad for garn frå sauene deira av Gammalnorsk spæl, kortreist, naturfarga og berekraftig ull. Søkjar har samla og sortert garn i tre år for å få eit stort nok parti til å sende til spinneri, og ønskjer no å få gjort ein testproduksjon av garn.

Prosjektleveranse/Målsetting

- 1) Testproduksjon av garn frå eigne/lokale sauer
- 2) Utvikling av grafisk profil/merkevarebygging/historieforteljing
- 2) Utvikling av strikkemønstre og garnpakkar tilpassa garnet (meirsal)
- 3) Marknadsføring og sal via lokale utsal, på garden og i nettbutikk

Prosjektet har eit mål om å bruke all ulla på garden. Den ulla som ikkje er bra nok til garnproduksjon kan

nyttast som jorddekke i plantedyrking og til kompostering, nyttast istadenfor fiberduk ved bygging av stiar/gardsvegar.

Det er også ønskeleg å vurdere grunnlag for å tilby opplevingar på garden og finne felles salskanal for lokale produkt. Søkjar er medlem av Landslaget for Gammalnorsk Spæl, Hordaland sau og geit samt Noregs Bondelag.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Isdal Smale	70 000	35 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Isdal Gard_Smale ull_Søknad_22 apr 2021	1573028
14.06.2021	21_Isdal Gard_Næringsutvikling i landbruket_23mar 2021	1573029